

Grunnlovsjubileet prega av dokumentmystikk og rehabilitering av kongen:

# ”Historiefiksert

Folkefeiringa av Grunnlova i fjor likna 17. mai. Den offisielle jubilerenga var mest oppatt av papira frå 1814, ifølge ei gransking av jubileet.



Av Guri Kulås

Dei som mest entusiastiske feira Grunnlova i fjor, var folk som stemmer på sentrums- og venstreparten, medan dei få som boikotta 2014-jubileet i første rekke hørde heime i Frp – og i noka grad Høgre.

**Samstundes vart vi litt meir sjølvgode av feiringa. I alle fall var det etter jubileet fleire som meinte at verda ville vere betre om andre land var meir lik Noreg (32 prosent i 2014, mot 22 prosent i 2012).**

Det er to av dei litt overraskande og kanskje motseingsfylde konklusjonane om effekten av grunnlovsjubileet 2014. Det er Institutt for kirke-, religions- og livssynsforskning (Kifo) som har granska jubileet.

## Kjende skiljelinjer

Eitt år etter at 200-årsjubileet for Grunnlova nådde sitt klimaks, er resultatet av feringa klar.

– Generelt kan ein seia at oppslutninga om jubileet spegla den vanlege 17. mai-feiringa, fortel Pål Ketil Botvar ved Kifo.

Deltakinga følgde kjende skilje i folkesetnaden knytt til alder, utdanning og inntekt.

## FAKTA

### Grunnlovsjubileet:

- I 2014 vart 200-årsjubileet for den norske grunnlova feira.
- Stortinget var arrangør for det offisielle programmet gjennom ein Hovudkomite for jubileet.



- Institutt for kyrkje-, religions- og livssynsforskning (KIFO) har granska Grunnlovsjubileet. Dei arrangerer også konferansen «Kunsten å grunnlovsjubilere. Tilbakeblikk på 2014-feiringa» på Eidsvoll 11. mai.



«**EIDSVOLL 1814-2014**»: Grunnlovs rappen var ein av dei største suksessane under grunnlovsjubileet.

FOTO: FRÅ NRKS VIDEO

Dei over 60 år var mest aktive i feiringa, og i den andre enden av skalaen finn ein dei under 30 år.

**Studentar, folk med låg utdanning eller låg inntekt og folk med innvandrarbakgrunn er også overrepresenterte i gruppa som ikkje har tatt del i noko arrangement.**

Det var derimot liten skilnad mellom deltakkinga blant kvinner og menn, og oppslutninga var jamt geografisk fordelt, trass i at Nord-Noreg var ekskludert frå riksformasjona på Eidsvoll i 1814 og trass i at mykje av den offisielle feiringa i 2014 var knytt til Stortingsbygningen, fortel Pål Ketil Botvar ved Kifo.

Deltakinga følgde kjende skilje i folkesetnaden knytt til alder, utdanning og inntekt.



Olav Aagedal

Dei medieformidla arrangementa nådde ut til flest. Over halvparten av dei vaksne fekk med seg minst eitt radio- eller tv-program. Både føredrag om Grunnlova og 1814 og utstillingar med 1814-tematikken score høgt bland publikum.

Talmessig var grunnlovsjubileet ein suksess, jamfört med hundreårssjubileet for sjølvstendet i 2005. 73 prosent, om lag tre millionar nordmenn, tok på ein eller annan måte del i feiringa.

## Før og etter

Det unike med Kifo-granskinga er at dei har kunne måla stemninga før og etter jubileet. Saman med TNS Gallup

gjennomførte dei ei spørjeundersøking i 2012 og på nytt i desember 2014. Den viser at grunnlovsjubileet ikkje førte til store endringar på befolkningsnivå.

– Under 2014 oppstod eit skilje mellom «superfeirarar» og «ikkje-feirarar». Feiringa skapte ein motreaksjon blant om lag 10 prosent av nordmenn, som mislikte det heile, seier Botvar.

– Tendensen til auka sjåvinisme, gjennom ønsket om at verda «burde bli meir norsk», peiker også mot ein negativ effekt. Samstundes var 30 prosent nögd med gjennomføringa av jubileet og 36 prosent melder at dei hadde lært noko nytt om bakgrunnen for den norske Grunnlova.

Det siste fell saman med dei offisielle måla for jubileet: Stortingset ønskte at feiringa skulle vera historisk og kunnapsorientert.

## «Heilage» papir

Mest historieorientert var Stortingset sjølv. Særleg gjorde det offisielle jubileet mykje ut av historiske dokument frå 1814. Dei konkrete papira frå 1814 spela hovudrolla i fleire høgtidlege seremoniar i løpet av 2014:

– Det originale grunnlovsdokumentet vart ført tilbake til Eidsvoll, Mossekonvensjonen vart ført tilbake til Moss og 4. november-grunnlova

vart ført til den gamle storingsalen på Folkemuseet, fortel Kifos Olav Aagedal.

**Han meiner jubileet gav oss ein grunnlovsmytologi, som dei er vande med i USA, men som til no ikkje har eksistert i Noreg (sjå også Aagdens innlegg på side 41).**

Vakre kopiar fullmakten til Eidsvollsmedlemmene vart også ført tilbake til valkyrkjene, der dei opphavleg hadde vorte underskrivne.

– Ei positiv side ved denne dokumentdyrkninga var at Nord-Noreg vart meir inkludert i feiringa. Det vart gjennomført val til Riksformasjona der også, jamvel om representantane ikkje rakk fram til Eidsvoll i tide, seier Aagedal.

Meir underleg er det kanskje at Stortingset brukte fleire hundre tusen kroner på ein replika av Kiel-traktaten når Noreg ikkje var part i forhandlingane. Det var i Kiel at Danmark måtte avstå Noreg til Sverige. Det skapte maktvukomet der Riksformasjona kunne oppstå.

## Christian Frederik

Jamvel om 2014-feiringa har vore meir opptatt av dei historiske tekstane enn av den tradisjonelle striden om kven som skal ha æra for Grunnlova (nordmenns sjølvstendetrone eller velvillige stormakter), er det ein person

som har fått ei solid oppreiing: Prins Christian Frederik, som ein kort sommar var norsk konge.

– Hausten 1814 har vorte sett på som ein nedtur, med krigstap mot svenskane og ny union, men i 2014 vart kongens abdikasjon framstilt som

ein ærefull sorti. Det heile vart rekonstruert i eit historisk spel på Bygdøy, og kronprins Haakons tale i Moss, under tilbakeføringa av Mossekonvensjonen, understreka at Christian Frederiks kapitulasjon var innleining til 200 års fred mellom dei nordiske grannlanda, seier Aagedal.

Prinsen fekk også si eiga statue framfor Stortingenet.

## Kva er det norske?

17. mai-feiringa i Noreg er så sterk at 2014 ikkje greidde å stoppa oppslutninga om dagen (85 prosent), men forståinga av at det er Grunnlova vi feirer, auka. Flagget og norsk kultur blir også sterke knytt til nasjonaldagen. Og etter 2014 har Eidsvoll komme på høgd med Geirangerfjorden, over plassar folk meir symboliserer det norske.

– Grunnlovsjubileet trente demokratimuskelen, men det vart gjort med flagg og bunder, hevdar Aagedal.

guri.kulaas@klassekampen.no

Les også side 41